



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Troms fylkeskommune
Postboks 6600

9296 TROMSØ

Dykkar ref

Vår ref
10/225-8 PSB

Dato
18 MAR 2010

Statsbudsjettet 2010 – kap. 552, post 72 – Tilsegn om tilskot på inntil kr 1 230 769 til iverksetjing av forsøk med gratisferje ved sambandet Bjarkøy, Grytøy og Sandsøy

Tilsagnsnr. 10208001.

Vi syner til brev frå Kommunal- og regionaldepartementet av 01. februar 2010 og til e-post frå Troms fylkeskommune av 19. februar 2010 om avklaring av deltaking i forsøket.

Om forsøket

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer på bakgrunn av dialog med Troms fylkeskommune at det vert sett i verk eit treårig forsøk med gratisferje i 2010, med sikte på oppstart 25. mars 2010. Strekninga som er vald ut i Troms er Grytøy, Bjarkøy, Sandsøy (Fenes-Austnes-Altevik). Forsøksperioden vert frå 25. mars 2010 til 1. april 2013.

Målsetjinga med forsøket er å få undersøkt kva verknader gratis ferje gir for dei øysamfunna som vil nyte godt av gratis ferje i tre år. Vi er interesserte i kva verknadar dette kan ha for mellom anna busetjing, næringsliv og tilreisande. For å kunne måle utviklinga i trafikken er det viktig at billettering held fram som før, slik at vi kan samanlikne trafikkdata før og etter innføring av gratis ferje.

Forsøket skal gjennomførast i samsvar med EU-Kommisjonens avgjerd av 28. november 2005 om bruk av EF-traktaten, artikkel 86 stk. 2, på statsstøtte i form av kompensasjon for offentlege tenester som er ytt til visse verksemdar som har fått overdrege å utføre tenesteyting av ålmenn interesse. Dette set vilkår som må vere oppfylte for at slik støtte kan bli gitt, og er ein del av EØS-avtalen.

Postadresse:
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon *
22 24 90 90 /
Org. nr.:
972 417 858

Regionalpolitisk avdeling
Telefaks:
22 24 27 38

Saksbehandlar:
Pål Selsjord Bjørseth
22247008

Økonomiske tilhøve

For at ferja skal verte gratis for dei reisande, vil Kommunal- og regionaldepartementet dekkje dei stipulerte billettinntektene for dei reisande. Desse inntektene er i avtalen mellom Troms fylkeskommune og Torghatten Nord stipulerte til å vere kr. 1 600 000 i 2010. Det same beløpet vil bli nytta gjennom forsøksperioden på tre år, men beløpet vil bli regulert i tråd med årlege justeringar i riksregulativet for ferjer.

Kommunal og regionaldepartementet legg opp til å gi tilskot til Troms fylkeskommune i tråd med dette. *Tilskotet for 2010 vert på kr. 1 230 769, føresett at forsøket vert starta 25. mars.* Vert forsøket starta seinare vert tilskotet i 2010 redusert i tråd med det.

For 2011 og 2012 vert heile tilskotsbeløpet betalt til fylkeskommunen. I 2013 vert det betalt tilskot for dei fyrste tre månadane. Tilskotet til forsøksverksemda vil verte utbetalt etterskotsvis halvårleg. Det vert ikkje gitt høgare tilskot sjølv om trafikken på sambandet aukar i forsøksperioden.

For tilsegna gjeld fylgjande vilkår:

1. Troms fylkeskommune må innan 25. mars 2010 stadfeste at det framleis er aktuelt å gjennomføre prosjektet og at statstilskotet vert motteke på dei vilkåra som er gjevne i dette brevet. Vi ber også om at fylkeskommunen opplyser i sitt svarbrev kva kontonummer beløpet skal overførast til. Sjå avgjerder for utbetaling seinare i brevet.
2. Det skal førast spesifisert rekneskap for arbeidet. Rekneskapen skal settast opp slik at det kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilsegna. Dersom arbeidet ikkje blir utført i føresett omfang eller til oppgitt kostnad, vil tilskotet bli tilsvarande redusert.
3. Tilskotet føreset at det ikkje vert gitt anna offentleg stønad til å erstatte bortfall av inntekter frå dei reisande på ferjesambandet. Dersom det vert gjeve anna offentleg stønad til dekking av bortfall av inntekter frå dei reisande, vil tilskotet frå staten verte redusert tilsvarande.
4. Dersom rapporteringa frå fylkeskommunen avdekkjer større offentleg tilskot enn det som er føresetnaden i dette brevet, skal beløpet som overstig stipulerte inntekter frå dei reisande betalast tilbake til fylkeskommunen for tilbakeføring til staten.
5. Billettering held fram som før og rapportar på utviklinga i trafikken vert utarbeidd ein gong årleg og sendt til departementet innan 1. mars.
6. Rekneskapsmaterialet skal oppbevarast i ti år.

7. Departementet eller den departementet gjev fullmakt, har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskotet vert overhaldne. Støttmottakar pliktar å gje dei opplysingar Riksrevisjonen, departementet eller fylkeskommunen forlangar.

8. I høve til Reglementet for løyvingar tek vi atterhald om at Riksrevisjonen har høve til å sette i verk kontroll med at midla vert nytta etter føresetnadane.

Utbetaling, rapportering og evaluering

Tilskotet skal som ein hovudregel utbetalast etterskotsvis til tilskotsmottakar. Fylkeskommunen kan i samråd med ferjeselskapet sjølve bestemme kor ofte det skal gjerast ei utbetaling.


Tilskotet vert utbetalt halvårleg frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) til Troms fylkeskommune. Troms fylkeskommune skal pr. 30. juni og 31. desember sende inn oversikt over disponeringa av den tildelte ramma med ei oversikt over utbetalningar. Desse rapportane skal vere departementet i hende 31. juli 2010 og 31. januar 2011.


Vi syner elles til reglementet for økonomistyring i staten.

KRD vil evaluere forsøket. For å kunne få fram effektar av forsøksverksemda med gratis ferje, ynskjer vi at data for trafikkutvikling blir samla inn og sendt KRD i ein årleg rapport. Vi ber om å få ein slik rapport innan 1. mars årleg i forsøksperioden.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid dei neste tre åra.

Med helsing


Hallgeir Aalbu (e.f.)
ekspedisjonssjef


Pål Selsjord Bjørseth
førstekonsulent